



FISKERIDIREKTORATET

Adm.eining: **Forvaltningsseksjonen i region Vest**

Sakshandsamer: **Ina Giil Solheim**

Telefon: **918 88 890**

Vår referanse: **18/7846**

Dykkar referanse: **17/5573**

Dato: **21.06.2019**

Fjell kommune
Att:
Postboks 184
5342 STRAUME

Fjell kommune - Uttale til melding om offentlig ettersyn av framlegg til detaljreguleringsplan for Søra Sundet, gnr30, bnr687 m. fl. - Knappskog

Vi viser til brev frå Fjell kommune den 14.05.2019 om ovannemnde sak.

Fiskeridirektoratet region Vest har ingen merknadar til offentlig ettersyn av framlegg til detaljreguleringsplanen. Omsynet til gytefeltet i nærleiken er sikra gjennom føresegnene pkt. 2.8.1 og 2.8.2.

Vi ber om kopi av vedteken plan.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ina Giil Solheim
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.

Mottakarliste:
Fjell kommune

Postboks 184

5342 STRAUME





FJELL KOMMUNE
Foldnesvegen 1
5354 STRAUME

Dato: 24.06.2019
Vår ref.: 2018/11001-14
Saksbehandlar: catgra1
Dykkar ref.:

Att. Netz, Isabella

Fråsegn til offentlig ettersyn av framlegg til detaljreguleringsplan for Søra Sundet, gnr. 30, bnr. 687 m. fl. - Fjell kommune

Vi viser til brev datert 14.05.19 om høyring av forslag til detaljregulering for Søra Sundet på Knappskog. Hovudføremålet i planen er 12 nye naust, kai, småbåtanlegg for inntil 22 båtplassar, parkeringsplass og infrastruktur. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til naustområde, småbåthamn og parkering. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga i brev av 09.05.18.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: www.hordaland.no/plan/.

Vurdering

Universell utforming, folkehelse og friluftsliv (regionale friluftsområde, <http://kart.ivist.no>)

Det er positivt at føresegnene sikrar universelt utforma tilkomst og parkering for rørslehemma. Det er også verdifullt at ein legg til rette for m.a. sykkelparkering, og god tilgang for ålmenta til kai og sjø i føresegnssområde #1 og f_SK. Det ville også vore ei føremon om ein sette av areal til fellesnaust og –slipp for mindre båtar/kajakk o.l. i f_SK eller #1.

Kulturminne og kulturmiljø

Vi kjenner ikkje til automatisk freda eller andre verneverdige kulturminne innafor planområdet. Vi har såleis ikkje avgjerande merknader i saka, men minner om meldplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeidet stansast til funnet er vurdert.

Då planen har areal i sjø har saka vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum. Deira fråsegn i saka vert ettersend.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld kulturminne og kulturmiljø, universell utforming, folkehelse og friluftsliv. Vi ber om at disse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Cathrine Grasdøl
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Ambjørg Reinsnos, Fylkeskonservatoren, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA



KYSTVERKET

Vest

FJELL KOMMUNE
Postboks 184
5342 STRAUME

Dykkar ref.:

Vår ref.:
2019/2069-2

Arkiv nr.:

Saksbehandlar:
Turid Susort Jansen

Dato:
14.06.2019

Uttale til framlegg til detaljreguleringsplan for Søra Sundet, gnr. 30, bnr. 687 m. fl. - Knappskog - Fjell kommune - Hordaland fylke

Syner til brev av 25.6.2019 vedkomne ovannemnde.

Planframlegget opnar for etablering av 12 nye naust, kai, småbåtanlegg for inntil 2 båtplassar, parkeringsplass og infrastruktur.

I plansamanheng skal Kystverket ivareta omsynet til god framkomme, trygg ferdsle og forsvarleg bruk av farvatnet.

Kystverket har vurdert at tiltaket ikkje kjem i konflikt med areal avsett til farlei eller navigasjonsinstallasjonar i området.

Kystverket vil minne om at bygging, graving, utfylling og andre tiltak som kan virke på tryggleiken og framkoma i farvatnet, i tillegg til handsaming etter plan- og bygningslova, også må handsamast etter hamne- og farvasslova. Planområdet som går ut i sjø ligg i kommunens sjøområde og det er Bergen Hamn som er hamnemynde havne- og farvannslov. Vi ber dykk ta dette med i føresegnene.

Med helsing

Turid Susort Jansen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Regionkontor Vest

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	www.kystverket.no
				E-post:	post@kystverket.no

For besøksadresse se	www.kystverket.no	Bankgiro:	7694 05 06766	Org.nr.:	NO 874 783 242
----------------------	-------------------	-----------	---------------	----------	----------------

Vi ser om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Fjell kommune
Postboks 184
5342 STRAUME

Vår dato: 12.06.2019
Vår ref.: 201834677-4
Arkiv: 323
Dykkar dato: 14.05.2019
Dykkar ref.: 17/5573 Netz, Isabella

Sakshandsamar:
Toralf Otnes
22959527/toot@nve.no

NVE si generelle tilbakemelding til offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for Sørå Sundet - GBnr 30/687 mfl - Fjell kommune

Vi viser til oversending av høyringsdokument datert 14.05.2019.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter Plan- og bygningslova (pbl).

NVE prioriterer å gi innspel og uttalar til overordna planar og rettleiing/opplæring til kommunar med store utfordringar innanfor vårt saksområde. I tillegg prioriterer vi å gi uttalar til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Dette går fram av brev til kommunane datert 29.09.2017 om [«NVEs bistand og verktøy i arealplanleggingen»](#), der vi ber kommunen om å skrive tydeleg i oversendingsbrevet kva ein eventuelt ynskjer hjelp til i den enkelte sak. I denne saka kan vi ikkje sjå at det er bede om slik hjelp. NVE gjev difor ikkje konkret fråsegn i denne saka.

For generell informasjon og rettleiing knytt til NVE sine saksområde viser vi til:

- [NVE sine karttenester](#) viser informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg.
- NVE sin rettleiar [2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging](#) som skildrar korleis interessene bør takast omsyn til i planen, slik at ein unngår motsegn.
- NVE si retningslinje [2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar](#) skildrar flaum- og skredprosesser som kan vere til fare, og korleis farane bør utgreiast og innarbeidast i planar.
- [NVE si sjekkliste for reguleringsplan](#) er et nyttig verktøy for å sikre at alle relevante saksområde er vurdert og godt nok dokumentert.
- Fleire nyttige rettleiarar og verktøy er tilgjengeleg på www.nve.no/arealplan.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt tilstrekkeleg omsyn til flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd eller uttale til saka.

Dersom det likevel er trong for NVE si hjelp i saka kan NVE Region Vest kontaktast med ein konkret førespurnad.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

FYLKESMANNEN I VESTLAND



Statens vegvesen

Fylkesmannen i Vestland – Bergen
Postboks 7310
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
18/108711-4

Dykkar referanse:

Vår dato:
18.06.2019

Uttale med motsegn – offentlig ettersyn av framlegg til detaljreguleringsplan for Sørå Sundet, gnr. 30, bnr. 687 m. fl. – Knappskog – Fjell kommune

Vi viser til brev om offentlig ettersyn for framlegg til detaljregulering for Sørå Sundet – gnr. 30 bnr. 687 m.fl. i Fjell.

Statens vegvesen har ansvar for å sørge for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale føringar vert ivaretatt i planlegginga. I denne planen uttalar vi oss som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport.

Motsegna vår i denne saka er knytt til vår rolle som statleg fagmynde med sektoransvar for trafikktryggleik.

Vi har motsegn til planframlegget som legg opp til auka trafikk i dagens kryss Fv. 561/kommunal veg, utan at det er tatt omsyn til at trafikkmengda på fylkesvegen er meir enn dobla sidan 1989.

Dersom ein vel å gå vidare med dette reguleringsarbeidet må planområdet må utvidast og krysset må regulerast på nytt i tråd med gjeldande krav, jfr. handbok N100. Planføresegnene må ha med seg eit rekkefølgjekrav knytt til utbetring av krysset før tiltak innanfor planområdet kan setjast i gang. Det må også dokumenterast at rekkefølgjekrava er økonomisk mogeleg å gjennomføre.

Vi vil gjere nærare greie for motsegna vår i dette brevet.

Saksopplysningar:

Planområdet er på om lag 13,5 dekar og ligg på Knappskog. Avkøyringa til planområdet er frå kryss mellom kommunal veg Areknappvegen/Fv. 561 like ved Spjeldtunnelen. Gjennom planframlegget ynskjer ein å opne for etablering av 12 nye naust, kai, småbåtanlegg for inntil 22 båtplassar, parkeringsplass og infrastruktur. I føresegnene til planen er det opna for at kvart naust skal kunne seksjoneras i to delar på 20 m².

Gjeldande reguleringsplan er frå 1989 og syner eit mindre naustområde som seinare er blitt utvida ved ei mindre reguleringsendring i 1994. I planføresegnene paragraf 15 «Byggeområde for naust» heiter det: *«Før områda for naust kan byggjast ut skal det føreliggja ein plan for kvart område, godkjent av bygningsrådet»*

Arealpolitiske føringar for planarbeidet:

Av «statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging» går det fram at *«Planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremme samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnyttelse, god trafikkikkerhet og effektiv trafikkavvikling. Planleggingen skal bidra til å utvikle bærekraftige byer og tettsteder, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet.*

Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremme utvikling av kompakte byer og tettsteder, redusere transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennlige transportformer. I henhold til klimaforliket er det et mål at veksten i persontransporten i storbyområdene skal tas med kollektivtransport, sykkel og gange.

Planleggingen skal legge til rette for tilstrekkelig boligbygging i områder med press på boligmarkedet, med vekt på gode regionale løsninger på tvers av kommunegrensene.»

Nullvisjonen

Nullvisjonen for trafikktryggleik har som mål å planleggje, leggje til rette og utbetre vegnettet slik at alvorlege ulykker ikkje skal oppstå. Visjonen er en klargjering av at det er moralsk og etisk uakseptabelt at folk blir drepne eller hardt skadde i trafikkulykker. I tillegg utgjør ulykkene ein kostnad ved trafikksystemet som vi ikkje kan godta, trass i dei fordelane vegtrafikken gjev.

Transportsystemet skal utformast på ein måte som fremjar trafikkikker handlemåte hos trafikantane, og i størst mogleg grad medverkar til at menneskelege handlingar ikkje fører til alvorlege skader eller død.

Uttale

Statens vegvesen har følgjande merknadar til planframlegget:

Krav til detaljplanlegginga

Når vegvesenet i uttale til oppstartsmelding skriv at vi isolert sett ikkje vil motsetje oss eit planarbeid med det føremål å bringe eksisterande situasjon i tråd med plan, (til dømes ulovlege byggverk, utfylling i sjø etc.) , skal ikkje dette tolkast på nokon annan måte. Vegvesenet var i det same brevet tydelege på at dagens trafikkisituasjon i kryssområdet Fv. 561 ikkje ligg til rette for tiltak som fører til aua aktivitet og trafikk.

Både plankonsulent og kommunen legg gjennomgåande vekt på at detaljreguleringa er i tråd med gjeldande plan. Planen det vert vist til er 30 år gamal og representerer ikkje noko anna enn ei flateregulering med tilhøyrande plankrav (jfr. føresegenene paragraf 15).

At planarbeidet som er starta opp ikkje er i strid med overordna arealføremål (naust) betyr ikkje at ein ikkje treng å vurdere trafikktryggleik som ein del av planarbeidet.

Vegvesenet er kritisk til fleire av plankonsulentens sine vurderingar som kjem fram av planomtala. Statens vegvesen sine påpeikingar kring trafikktilhøva i krysset er sitert i planomtala side 27. Plankonsulent avskriv dette ved å hevde at det ikkje er snakk om nokon nye tiltak «ut over det gjeldande plan gjev rom for». På side 52 i planomtala kjem det fram at gjeldande plan ikkje gjev noko maks tal på naust i planområdet og at det heller ikkje fastsett noko utnyttingsgrad.

Dei 12 (24) nausta, 20 parkeringsplassar og småbåtanlegget er ikkje etablert pr. i dag. Plankonsulent hevdar likevel at det ikkje er nokon grunn til å tru at utbygginga vill auke trafikken i krysset Fv. 561, og at en difor kan sjå bort frå rekkefølgekrav om utbetring.

I utarbeida ROS-analyse er ikkje ulykkesrisiko knytt til krysset Fv. 561 tatt med som eit tema.

Når det er 30 år sidan ein reguleringsplan vart vedteken må ein ved detaljplanlegging også ta høgde for at samfunnet har endra seg i mellomtida. Vi viser til plan- og bygningslova § 12-4, siste ledd:

«Er bygge- og anleggstiltak som hjemles i plan fremmet med bakgrunn i privat reguleringsforslag etter § 12-11, ikke satt i gang senest ti år etter at planen er vedtatt, skal kommunen før avgjørelse av byggesøknad for nye utbyggingsområder etter planen, påse at planen i nødvendig grad er oppdatert. Tiltakshaver er ansvarlig for å skaffe nødvendige opplysninger og dokumentasjon for kommunens vurdering.»

Statens vegvesen meiner dette er tilfellet for sjølve krysset ved Fv. 561 som er opparbeida med heimel i gjeldande plan. Reguleringsplanen frå 1989 er ikkje tilstrekkeleg oppdatert til å kunne fungere som eit formelt plangrunnlag.

Kryssløysing og utforming

Regulert kryssløysing stettar ikkje dagens krav. Trafikkmengda på Fv. 561 er sidan 1994 auka frå ÅDT= 5800 til 11 800 (2018). Krysset ved Fv. 561 er opparbeidd i tråd med gjeldande reguleringsplan frå 1989, men er ikkje dimensjonert for dagens trafikkmengder.

ÅDT-tala er berekna til å vere noko lågare enn det som vart lagt til grunn då vegvesenet uttalte seg til tilgrensande reguleringsplan for «Otersteinen». (Januar 2016). Med ei trafikkmengd på ÅDT = 11 800 vert vurderingane likevel dei same:

Det er pr. i dag knytt fare for påkøyrse bakfrå til bilar som kjem på fylkesvegen frå sør – og som skal svinga til høgre inn til planområdet. Krysset si plassering relativt nær

tunnelopninga bidreg også til å forverre ein allereie uoversiktleg trafikksituasjon på staden. Med tett trafikk slik det normalt er til visse tider på døgnet vil merksemda til ein bilist som skal frå planområdet og i retning Straume i hovudsak være retta mot tunnelopninga og i mindre grad mot avkøyrsla som ligg vis a vis, på den andre sida av fylkesvegen (Fv. 561, h1, km, 4,704)



Figur 1 Bilde tatt 02.05.2017


Med bakgrunn i at tunellen ligg i kort avstand frå krysset som fører inn til planområdet vil faren for påkøyrslar bakfrå også være knytt til motgåande trafikk som reduserer farten for å svinge til venstre. Spesielt peiker vi på faren for at bilistar vert blenda av sollyset i det dei kjem ut av tunellen.



Figur 2 Bilde tatt 02.05.2018

Etter det vegvesenet er kjend med er det pr. i dag ikkje løyva fylkeskommunale midlar til utbetring av dette krysset og tiltaket ligg heller ikkje inne i Regional transportplan. Det kan derfor ikkje påreknast at krysset vil bli utbeta av det offentlege i næraste framtid.

Statens vegvesen har ved fleire anledningar peikt på behovet for å sjå dette området i ein større plansamanheng. Dette fordi dei økonomiske utfordringane knytt til utbetring vert for store for eit enkeltprosjekt åleine. Ei utbetring av kryssområdet vil utvilsamt verte kostnadskrevjande og ein må ta omsyn til både kulvert og gang- og sykkelvegssystem på sørsida. Fleire av bustadane sør for fylkesvegen har tilkomst via gang- og sykkelveg.



Statens vegvesen vil difor rå i frå at ein går vidare med dette planarbeidet. Dersom ein likevel vel å arbeide vidare må planområdet utvidast og krysset regulerast, jfr. krava i handbok N100. Reguleringsplanen må ha med seg rekkefølgekrav knytt til utbetring av krysset og det må vere dokumentert korleis utbyggingspotensialet i området skal kunne bære kostnaden som følgjer med utbetring av kryssområdet.

Det er knytt motsegn til planframlegget på dette punktet.

Mjuke trafikantar

Fjell kommune har i sakspapira vist til at det ikkje er etablert noko tilbod for mjuke trafikantar som skal krysse fylkesvegen. Etter det Statens vegvesen er kjend med er det framleis mogeleg å nytte ein kulvert under Fv. 561.

Oppsummering

Plankonsulent viser til at det berre er busetjarar i Areknappen som skal nytte dette området. Statens vegvesen kan ikkje sjå at ein i planføresegnene har høve til å avgrense private eigarars mogelegheit til sal og bortfeste av eigedom. Eigartilhøva er såleis ikkje avgjerande her.

Statens vegvesen vil ikkje akseptere meir trafikk i dagens kryss, då dette bidreg til å forverre ein allereie utfordrande situasjon. Vi vil rå i frå at ein går vidare med dette planarbeidet og i staden søker plansamarbeid med andre grunneigar dersom dette er mogeleg. Dersom ein likevel vel å gå vidare med reguleringsplanen må krysset regulerast, rekkefølgjekrav innarbeidast og det må dokumenterast korleis desse skal kunne la seg realisere.

Vi er innstilt på å trekke motsegna dersom det vert presentert eit planframlegg som er endra i samsvar med våre krav. Dersom det er tilhøve som tilseier at saka bør drøftast i eit dialogmøte med Fylkesmannen stiller vi gjerne på eit slikt møte.

Helge Eidsnes
Regionvegsjef

Grethe Vikane
Avdelingsdirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Fjell kommune, Postboks 184, 5342 STRAUME

Fjell Kommune

Plan- og eigedomssjefen

Knappskog, 15/6-2019

v/Isabella Netz

Pb 184


5342 Straume

Reguleringsplan Sørå Sundet, Gnr 30, Bnr 687 m.fl. Knappskog

Viser til kunngjering av offentlig ettersyn og har følgjande merknad til planen på vegne av eigarane av Gnr 30, Bnr 687:

Før planen vart sendt til KPU for handsaming hadde underteikna og plankonsulent eit møte med planavdelinga i Fjell Kommune 5/12-2018. Der vart ein samd om diverse endringar i plankartet og føresegnene. Referat ligg ved som eit vedlegg til denne merknaden. Det har heile tida vore aktuelt å føre opp 10 naust. Det framgår ikkje av referatet frå møtet 5/12-2018 at det var aktuelt å redusera talet på naust. Det var først då saksframlegget til KPU var tilgjengeleg vi fekk kunnskap om at eit naust skulle takast vekk.

Vi meiner at planen gjev allmenta god tilkomst, og at plass for allmenta til ferdsel og opphald ved strandsonen er god nok sjølv om det vert ført opp 10 naust. Vi vil difor be om at det tiende nauste vert teken inn att. Til gjengjeld kan vi tilby at området regulert til felles kai (f_SK) vert utvida sørover. Det er gjort ein avtale med eigar av bruk 564 om at breidde på kaifront i nord skal utvidast til 6,5 meter. Resten av det arealet som var regulert til naust (BUN1) kan då leggjast til arealet for f_SK og gangveg f_SGG3 kan leggjast inn igjen.



Skisse til endring

Venleg helsing

For eigarane av Gnr 30, Bnr 687:

Torbjørn Landro

Arne Landro